



Nasjonalparkstyret  
for Reinheimen

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Reinheimen  
**Møtested:** Teams  
**Dato:** 05.07.2024  
**Tidspunkt:** 09:00

---

Velkommen til ekstraordinært styremøte på Teams for å behandle søknad om rassikring i Trollstigen landskapsvernområde.

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

# Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 31/2024	Godkjenning av innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 35/2024	Trollstigen LVO - dispensasjon - tiltak i samband med rassikring ved Trollstigvegen - Møre og Romsdal Fylkeskommune		





Arkivsaksnummer: 2024/7721-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 03.07.2024


Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	35/2024	05.07.2024

## Trollstigen LVO - dispensasjon - tiltak i samband med rassikring ved Trollstigvegen - Møre og Romsdal Fylkeskommune

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfoldlova § 48, får Møre og Romsdal Fylkeskommune dispensasjon til følgjande tiltak i samband med rassikring av Trollstigvegen:

- Nødvendig landing med helikopter i samband med frakt av materialer, maskiner og utstyr.
- Plassering av ein midlertidig container på egna sted innanfor raudt område i bilde 1.
- Motorferdsel med gravemaskin av type Menzi Muck eller tilsvarande, i samband med forbetring av avskjæringsgrøfta (bilde 1).
- Terrenngrep i samband med rensking av avskjæringsgrøft og tetting av grøft med optimal løysing for dette.
- Rensking og sikring av fjellside i form av sprengning, bolting, montering av nett, spylereis og/eller slegge frå helikopter innanfor raudt område i bilde 1.



Bilde 1 (blå strek er avskjæringsgrøfta).

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Motorferdsel skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv.
- Ved rensking av avskjæringsgrøfta skal det revegeterast om det blir sår i vegetasjonen.
- Det skal utredast om det finnst alternativ til PE- matter som ikkje avgjer mikroplast. Om det finnst hensiktismessige alternativ til tetting av avskjæringsgrøfta som er meir miljøvennleg skal dette nyttast.
- Tiltaka skal gjennomførast innan 2028 og containeren skal fjernast frå området innan 2 uker etter at arbeidet med rassikringa er ferdig.

SNO-Reinheimen kan kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket. Forvaltninga kan krevje opprydding og revegetering om ikkje vilkåra i dispensasjonen er oppfylt.

--- slutt på innstilling ---


## Dokument i saka

Søknad frå Møre og Romsdal Fylkeskommune 01.07.2024

## Saksopplysningar

Trollstigen er ein av 18 nasjonale turistveggar i Noreg og har eit stort tal besøkande i opningstida, vanlegvis medio mai til medio oktober. Ifylgje Fylkeskommunen er skredrisikoen i Trollstigen større enn det som normalt akseptert på vegnettet med høg skadefrekvens, stor sesongtrafikk og utfordrande trafikkmønster. I tillegg gjer hårnålsvingane vegen utsett på ein annan måte enn ein vanleg veg, sidan same ras kan gjere skade i fleire "etasjar", skriv fylkeskommunen i søknaden. Trollstigen er ein turistdestinasjon og risikoen for hendingar er størst når trafikkmengda er størst.

Statens vegvesen gjorde i 2018 ei grundig vurdering av skredrisikoen i Trollstigen. Eit av hovudfunna var at risikoen er størst i øvste veglinje i kvar enkelt serie med svingar, deriblant i Kjelstadlinja (øverst i sone C) og ved Grustaksvingen (øverst i sone D).



Bilde 2 syner soneinndelinga i Trollstigen.

Etter at vegen vart opna 7. juni i år har det vore daglege nedfall av stein i området. Eitt av desse tilfella traff ein arbeidsbil. Møre og Romsdal fylkeskommune som vegeigar og entreprenør Veidekke AS har gått gjennom sine risikoanalyser og vurdert ytterlegare tiltak. Konklusjonen er at risikoen for å bli treft av stein er for stor til at vegen kan bli halden open før det blir gjort tilstrekkelege tiltak i fjellet.

Stenginga av Trollstigen har gjort at det i tillegg til undersøkingar av langsiktige løysingar for sikring av Trollstigen, må setjast inn hastetiltak for å gjere det mogleg å opne Trollstigen til neste års sesong (frå søknaden).

## Søknaden

Møre og Romsdal fylkeskommune søker med dette om å få gjøre tiltak innenfor grensene til Trollstigen landskapsvernområde i forbindelse med skredsikring av fylkesveg 63, Trollstigvegen. Arbeidsoppgavene og området det er snakk om er beskrevet videre i søknaden, sammen med tilhørende kart og skisser som beskriver området og hvor de ulike arbeidsoperasjonene må utføres. Noen av tiltakene vil være midlertidige anleggstiltak, mens berg – og fjellsikringstiltak vil være permanente.

### **Følgende hastetiltak er under vurdering:**

- A. Vedlikehold og oppgradering av avskjæringsgrøft.
- B. Fjellrensk i Kjelstadlinja ved bruk av taugående personell med spett og presspute, samt sprengning, vannbombing og slegge fra helikopter.
- C. Tømming, vedlikehold og oppsetting av permanent is- og steinsprangnett.

## **2. Beskrivelse av tiltak**

### **2.1. A - Avskjæringsgrøft.**

På plataet over det omtalte partiet i Kjelstadlinja ble det i sin tid etablert en avskjæringsgrøft for å hindre store vannmengder fra Stigbotthornet å finne veien ned i vegbanen. Denne grøften har til en viss grad blitt vedlikeholdt og utvidet gjennom årene.





Bilete 3, 4 og 5 syner avskjæringsgrøfta.


Det er imidlertid et faktum at den drenerende effekten av denne avskjæringsgrøften har avtatt de siste årene. Nå i vår ble det observert spesielt store ismengder øverst i Kjelstadlinja med den påfølgende effekt at frostsprengningen i dette området har eskalert. Over tid har det skjedd en økende utvasking av finmasser og det er observert store lekkasjer fra grøfta og ned i bergveggen over Kjelstadlinja.

Fylkeskommunen har derfor besluttet at det første prioriterte tiltaket for å få rassikret Kjelstadlinja er å fokusere på denne avskjæringsgrøften.

### 2.1.1. Gjennomføring

**Del 1: Rensk av grøftebunn** med gravemaskin for å øke kapasiteten til grøfta. Det må renskes ned til bergoverflata i lekkasjepunktene. Masser fra rensken stabiliseres, terreng tilpasses og plasseres på og ved grøftekant på samme måte som man har gjort tidligere, se **Bilde 5**


Transport av maskineri: Gravemaskin og kompressor flyges opp i deler med helikopter. Gravemaskinen det er snakk om er av type Menzi Muck eller tilsvarende (bilete under).



Bilete 6

**Del 2: Tetting av grøft.** Planering av grøftesiden mot sørøst (i overkant av grøft). Selve tettingen skal skje innvendig i grøfta og skjer ved at det først blir lagt ut membran. Deretter

plasseres det armeringsnett på membranen og så dekkes det hele med sprøytebetong. Membranen vil bli skjult bak sprøytebetongen. Dette er en aktuell løsning pr. tidspunkt for inn sending av søknad. Det jobbes med å optimalisere løsningen, og endelig løsning er ikke valgt. Estetiske hensyn vektlegges i planleggingen.



Bilde 7

Materiell flyges opp med helikopter.

For mannskapenes sikkerhet vil det bli utplassert en midlertidig førstehjelpscontainer på arbeidsplassen. Det er snakk om en container på omtrent 2x2,5 meter som plasseres i terrenget på egnet sted. Containeres fjernes når tiltaket er ferdig.

## 2.2. B - Fjellrensk:

Dette er tiltak som har vært gjort før i dette området og vi betrakter dette som en del av vegvedlikeholdet, jf. Forskrift om verneplan for Reinheimen, vedlegg 1 og 4, § 3, punkt 1.2. Dersom nasjonalparkstyret for Reinheimen likevel anser at dette tiltaket må omsøkes følger det med en beskrivelse av gjennomføringen i neste punkt.

### 2.2.1. Gjennomføring

Fjellrensk gjennomføres ved at man sikrer seg fra toppen og nedover fjellsiden. Dette gjennomføres med taugående personell med spett og presspute. Løse stein og blokker fjernes/renskes etter hvert som arbeidet forflytter seg nedover fjellsiden. Ved funn av partier som ikke kan fjernes med spett og presspute, men vurdert som ustabil, kan det bli behov for ytterligere sikring i form av sprengning, bolting, montering av nett, spylere og/eller slegge fra helikopter.



Bilde 8. Materiell flyges opp med helikopter og mellomlagres i arbeidsområde

### **2.3. C – Tømming, vedlikehold og oppsetting av permanent sikringsnett.**

*I fjellsiden ble det i 2001 satt opp is- og steinsprangnett som har behov for vedlikehold. Dette gjennomføres med taugående personell som tar seg inn i området og slipper ut stein som er fanget av nettet, tetter eventuelle hull og reparerer skadet nett.*




Bilde 9: Dronebilder av eksisterende sikringsnett

### **3. Tidsperspektiv**

*Tiltakene planlegges med oppstart i uke 32-33. Dette anses som kritisk for å nå mål om åpning av Trollstigen til neste års sesong. Tiltakene vil kunne strekke seg gjennom perioden 2024-2028.*

### **4. Geografisk område**

*Tiltakene planlegges gjennomført i landskapsområde med følgende gnr./bnr i Rauma kommune: 202/3, 3/1, 3/204, 3/5, 3/147*



Bilde 10: Geografisk plassering av tiltaket

## 5. Søknad

Som vegeier søker Møre og Romsdal fylkeskommune om å gjennomføre tiltak A, B og C som beskrevet i søknad, jf. Forskrift om verneplan for Reinheimen vedlegg 1 og 4, § 3. Det søkes om å kunne gjennomføre tiltakene i perioden 2024-2028. Tiltakene planlegges gjennomført fortløpende, men tidsintervallet settes over 4 år for å kunne ta høyde for uforutsette hendelser i fjellet.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

### Verneformål – forskrift

Formålet med opprettinga av Trollstigen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert natur- og kulturlandskap, der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
- ta vare på eit samanhengande område varierende frå høg fjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til skogområda øvst i Isterdalen og Meiadalen
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

### **§ 3. Vernereglar**

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretingar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.

1.2. Reglane i 1.1. er ikkje til hinder for:

b. **Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, anlegg og andre innretingar.** Alt vedlikehald på bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk med omsyn til utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre endringar av storleiken og eksteriøret til bygningen. Eksisterande vegar og andre anlegg kan haldast vedlike slik at dagens standard vert oppretthalde.

Ordinært vedlikehald er ikkje søknadspiktig, men i dette tilfelle vurderer vi tiltaka såpass omfattanda både i omfang og i tid at den må behandlas som ein § 48 sak.

### **Forvaltningsplan**

I Trollstigen landskapsvernområde er motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode og særleg konfliktfylt fordi landskapsvernområdet skal vere skjerna for unødvendig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteformål. Motorisert ferdsel som har preg av turkøyring skal ikkje skje.

Søknader om luftransport skal berre innvilgast ved særleg behov som samla gjev mindre motorferdsel.

Offentlege vegar § 3, pkt 1.2, b, 1.3, l. Vanleg vedlikehald er direkte heimla i verneforskrifta. Vedlikehald som medfører standardheving skal behandlast etter verneforskrifta § 4, jf naturmangfaldlova § 48.

### **Naturmangfaldlova**

Naturmangfaldlova § 48 gir heimel til å gjere unntak frå verneforskrifta dersom det ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8- 12, og presedensverknad.

### **Presedens**

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

## Vurdering

Trollstigvegen er ein nasjonal turistveg som er ein av dei mest besøkte attraksjonane i Noreg. På grunn av stor skredrisiko på vegen har den i periodar blitt stengd. Ifølgje fylkeskommunen er skredrisikoen i Trollstigen større enn det som normalt akseptertast på vegnettet (høg skadefrekvens, stor sesongtrafikk og utfordrande trafikkmønster). I tillegg gjer hårnålsvingane vegen utsett på ein annan måte enn ein vanleg veg, sidan same ras kan gjere skade i fleire "etasjar".

I 2018 fekk Statens vegvesen gjort ei grundig vurdering av skredrisikoen i Trollstigen. Eit av hovudfunna var at risikoen var størst i øvste veglinje i kvar enkelt serie med svingar, deriblant i Kjelstadlinja og ved Grustaksvingen.

I år opna ikkje vegen før fredag 7. juni grunna fare for steinras. Etter at vegen vart opna 7. juni i år, var det daglege nedfall av stein i området. Eitt av desse tilfella traff ein arbeidsbil, og 20. juni bestemte fylkeskommunen at det ikkje var forsvarleg å halde vegen open utan tilstrekkelege rassikringstiltak i fjellet, og vegen vart stengd ut året.

Stenginga får konsekvensar for regionalt reiseliv, men mest for dei aktørane som er sterkt knytt til Trollstigen som attraksjon.

Det blir no søkt om oppgradering av avskjæringsgrøft, fjellrensking og oppsetting av steinsprangnett. Tiltaka skjer i Trollstigen landskapsvernområde. Ein dispensasjon for eit tiltak eller ein aktivitet i verneområdet føreset at det er heimel i verneforskrifta eller naturmangfaldlova § 48 til å gi dispensasjon. Verneforskrifta i Trollstigen landskapsvernområde er ikkje til hinder for: *vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, anlegg og andre innretingar*. Det er ikkje heimel i verneforskrifta til å gje løyve til omsøkte tiltak.

Ordinært vedlikehald er ikkje søknadspliktig, men i dette tilfellet vurderer vi tiltaka såpass omfattande både i omfang og i tid at det ikkje inngår som det ordinære vedlikehaldet. I forvaltningplana manglar det også retningslinjer for sikringstiltak langs den nasjonale turistvegen. Forvaltningsmyndigheita kan midlertidig etter naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ gje dispensasjon til tiltak som ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller om det av tryggingssomsyn eller vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig.

Dispensasjonsregelen er i utgangspunktet meint for uføresette tilfelle som ikkje vart vurdert ved oppretting verneområdet, i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forbigåande uro. Nml § 48 første alternativ dekkjer også forhold der verneføremålet og verneverdiane toler enkeltståande avvik frå vernereglane.

Vurderinga av miljørettsprinsippa (§§ 8-12 i nml, kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse samt miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar) er ein del av vurderinga på om vilkåra i den aktuelle dispensasjonsbestemmelsen er oppfylte.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) vurderast til å vera tilstrekkeleg. Det er gjennom naturbase og kunnskapsrapportar god oversikt over naturverdiar. Området som blir påverka av desse tiltaka ligg utanfor dei viktige villreinområda og naturbasen avdekkjer ingen funn av nasjonal verdi som vil bli påverka i dette området. MRFK har allereie avklart med kulturavdelinga at dei ikkje vil motsetje seg tiltaket. Kunnskapsgrunnlaget – jf. naturmangfaldlova § 8 – er vurdert som tilstrekkeleg, og det er ikkje nødvendig å ta i bruk naturmangfaldlova § 9 «*føre-var-prinsippet*».

Rassikring ved Trollstigvegen er eit unikt tiltak i verneområdet, og det er lite sannsynleg at vi vil få liknande søknader i andre område jmf. § 10 *økosystemtilnærming og samla belastning*.

I vedtakert står det at forvaltninga kan krevje opprydding og revegetering om ikkje vilkåra i dispensasjonen er oppfylt jmf § 11, *Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar*. Vilråa omhandlar og type gravemaskin som skal nyttast og at fylkeskommunen skal utrede: *om det finnst alternativ til PE- matter som ikkje avgjer mikroplast. Om det finnst hensiktismessige alternativ til tetting av avskjæringsgrøfta som er meir miljøvennleg skal dette nyttast jmf. § 12, Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar*.

Tiltaka som det søkjast om er av eit visst omfang, men vi vurderer at det ikkje strir mot verneformålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig. Inngrepa skjer i fjellveggen ovanfor vegen i eit område som har vore påverka av rassikringstiltak før. Støy og uro frå motorferdsel skjer i eit område som frå før er uroa av motorferdsel frå fv. 36.

Terrenginngrepa skjer i eit område som allereie er påverka av inngrep pga avskjæringsgrøfta. Rensking av fjellsida kan sjåast på som eit ordinært vegvedlikehald for Trollstigvegen, men blir her tatt med i vurderinga på grunn av det samla omfanget. Med dei vilråa som er sett, er det vurdert til at inngrepa ikkje vil øydelegge for landskapsbiletet og verneverdiane.

Formålet med sikringstiltaket er positivt, og gjer det mogleg å opne vegen for både lokalbefolkning og turistar. Omsynet til samfunnsinteresser veg tungt i denne saka, og fordelane ved sikringstiltaket er store, og verneverdiane i landskapsvernområdet vil kunne tole enkeltståande avvik frå vernereglane i dette tilfelle. Ut i frå ei samla vurdering kan dei omsøkte sikringstiltaka i Trollstigen gjennomførast.